



Askøy Vvs As  
Postboks 117  
5318 STRUSSHAMN

Referanser:  
Dykkar: Ref.:8QPWEB-  
Skjemanr.:3934  
Vår: 23/4823 - 23/49889

Saksbehandlar:  
Linda Hammersvik Folkestad  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:  
21.06.2023

## Foreløpig svar på rørleggermelding - gbnr 234/20 Eide ytre

**Tiltak:** Tilknytning kommunalt vatn  
**Byggjestad:** Eidavegen 457 - Gbnr 234/20  
**Tiltakshavar:** Marianne Eide  
**Ansvarleg søkjar:** Askøy Vvs AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det ligg ikkje føre tinglyst avtale om felles solidarisk ansvar for del av leidningsnett som Gbnr 234/20 får felles med andre eigedomar.

Vi har registrert at Gbnr 234/20 har felles leidningsnett med følgjande eigedomar:

Gbnr 234/4 Eidavegen 456 A og B  
Gbnr 234/22 Eidavegen 459  
Gbnr 234/38 Eidavegen 451  
Gbnr 234/45 Eidavegen 449

Om det er fleire eigedomar som er knytt på felles leidninga har vi ingen informasjon om. Alle eigedomane som er knytt på felles leidninga skal signere på avtale. For eigedom som har to eigarar skal begge eigarane signere på avtalen.

Legg ved forslag til avtale.

2. Etter det vi forstår er eigedom knytt på avløpsanlegget Gbnr 234/22 som vart installert i 2017. Vi kan ikkje sjå at det ligg føre utsleppsløyve for Gbnr 234/20.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no      Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50      www.alver.kommune.no      Organisasjonsnummer: 920 290 922  
00

Før vi kan handsame søknad må vi ha dokumentasjon på at Gbnr 234/20 har godkjent utsløpp. Det må ligge føre tinglyst rett til å nytte privat avløpsanlegg. Det må også ligge føre tinglyst rett til å legge privat avløpsleidning frå Gbnr 234/20 over annan manns grunn.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 21.07.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Torkjell Holm Brenna  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Erklæring om felles solidarisk ansvar Eidavegen

### **Kopi til:**

Marianne Eide

Svartetjønna 14 5308

Kleppestø

### **Mottakarar:**

Askøy Vvs As

Postboks 117 5318

STRUSSHAMN